



MØTEPROTOKOLL

Frå Generalforsamling i Nordhordland Industriservice a.s. 2015
10. mai 2015

Generalforsamlinga i Nordhordland Industriservice a.s. blei halden i verksemda sine lokale på Olsvollstranda. Varsel om tidspunkt for generalforsamlinga og innkalling med saksdokument blei sendt aksjeeigarane i samsvar med § 7 i vedtektene. Det var ikkje meldt inn saker til generalforsamlinga frå aksjeeigarane.

Sak 1/2015: Val av møteleiar og referent og to personar til å skrive under protokollen. Registrering av møtande aksjeeigarar. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Møteleiar: Morgan Taule
Referent: Vibeke Prestmo Valestrand
Til å skrive under protokollen: Astrid Aarhus Byrknes og Per Lerøy

Vala var samrøystes.

Registrering av møtande aksjeeigarar:

Lindås Kommune	300 aksjar	v/ Astrid Aarhus Byrknes
Hordaland Fylkeskommune	200 aksjar	v/ Hans Inge Gloppen
Radøy Kommune	131 aksjar	v/ Karolina Vakt skjold
Meland Kommune	105 aksjar	v/ Lars Barstad
Sparebanken Vest	100 aksjar	v/ Morgan Taule
Austrheim Kommune	73 aksjar	v/ Per Lerøy
Frank Mohn Flatøy AS	50 aksjar	v/ Svein Arne Dale
Statoil Mongstad	30 aksjar	v/ Jon Halstein Tjore
Fedje Kommune	26 aksjar	v/ Jorunn Børtnes Husa

Elles var følgande til stades på generalforsamlinga:
Eldbjørg Valle og Ragnar Bratland frå styret.
Helge Frosta, revisor.
Vibeke Prestmo Valestrand frå administrasjonen.

Fullmaktene frå aksjeeigarane blei gjennomgått og godkjend. 1015 av 1130 aksjar var representert, noko som utgjør 89,82 %.

Innkalling og saksliste blei godkjend.

Sak 2/2015: Godkjenning av årsmelding for 2014

Årsmeldinga ble gjennomgått. Generalforsamlinga kom med nokre merknadar, i høve til å få ei noko enklare og meir oversiktleg årsmelding som skal gå til Brønnøysund. Dokumentet slik det er utforma er godt eigna til intern bruk

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga for Nordhordland Industriservice as for 2014 slik det blir lagt fram inkludert merknadar. Vedtaket var samrøystes.

Sak 3/2015: Godkjenning av rekneskap for 2014

Møteleiar orienterte om rekneskapen. Årsrekneskapen gir eit rettvissande bilete av selskapet. Det blei gitt høve til spørsmål og kommentarar.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for Nordhordland Industriservice as for 2014. Vedtaket var samrøystes.

Sak 4/2015: Orientering om styret sine planar og årsbudsjett for 2015

Styreleiar orientert om budsjett. Vi ligg så langt føre budsjett, men det har vore, og er framleis, vanskeleg å få til den utviklinga vi ønskjer.

Det blei og orientert om samarbeidet med MAKS Meland Arbeids- og kompetansesenter og om anbudsutsetting av tiltak. Dagleg leiar orienterte også om at ein ser på nye forretningsområde for verksemda og at det vert starta prosesser med å få kommunar og næringsliv med på laget.

Det blei gitt høve til spørsmål og kommentarar.

Vedtak:

Generalforsamlinga tok orienteringa til orientering.

Sak 5/2015: Intensjonsavtale i høve til mogleg samanslåing av selskapa MAKS og NIS

På bakgrunn ekstraordinær generalforsamling i november 2014 blei det starta samtalar og samarbeid med MAKS i 2015. NAV har ønske om at vi blir ein større tiltaksbedrift i Nordhordland og det har vore møte med vekstbedriftene AUFERA, Einekavane og KIM om ein mogeleg samanslåing av alle bedriftene. MAKS og NIS går no vidare med dette, og ønskjer at det blir inngått ein intensjonsavtale om å inngå forhandlingar om å bli eitt selskap.

Vedtak:

Intensjonsavtalen, slik han ligg føre (omsett til nynorsk), blir godkjend. Generalforsamlinga gir styreleiar, nestleiar og dagleg leiar fullmakt i høve intensjonsavtalen å gå i forhandlingar med MAKS. Det skal leverast løypemelding på kvart styremøte. Vedtaket var samrøystes.

Sak 6/2015: Tilsettere representasjon i styret – ynskje frå tilsette om eigen styrerepresentant frå dei tilsette

Det er frå dei tilsette fremja ynskje om å bli representert i styret. Det blei gitt høve til spørsmål og kommentarar, og diskusjonen gjekk på om dei tilsette skal ha ein representant med fullverdig styremedlemsskap (stemmerett), eller om tilsettere representant skal vere observatør med talerett. Generalforsamlinga var samla om at ein gjerne kunne ha tilsettere representasjon i styret. Anten som fullverdig medlem, eller med observasjonsstatus. Mindretalet ynskte representasjonen som fullverdig medlem i styret, fleirtalet argumenterte for observasjonsstatus i den fasen selskapet no er i.

Vedtak:

Generalforsamlinga opnar for tilsettere representasjon med observatørstatus. Dette blei vedteke mot Frank Mohns stemmer.

Sak 7/2015: Val av styremedlemmar


3 styremedlemmar stod på val. Valnemnda gjorde slikt framlegg:

Styremedlem	Ragnar Bratland	Attvald for 2 år
Styremedlem	Solveig Lerøy	Attvald for 2 år
Styremedlem	Nina Bognøy	Attvald for 2 år

Vedtak:

Valet var samrøystes.

Protokoll frå generalforsamlinga er godkjend.


Astrid Aarhus Byrknes


Per Lerøy